

## - KUNNGJERING -

### Søknader om løyve til å bygge 4 småkraftverk i Eid og Bremanger kommunar i Sogn og Fjordane

NVE har motteke søknadar frå fleire søkjarar om løyve til å byggje 4 småkraftverk i Eid og Bremanger kommunar. Søknadane skal handsamast samstundes. NVE ber høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men òg fleire saker samla der det er naturleg. Småkraftverka vil, om alle blir bygd ut, gje ein årleg kraftproduksjon på ca. 50 GWh. Det svarer til straumbruken til ca. 2500 husstandar.

Hovuddata for kraftverksplanane:

Søknad	Kommune	Søklar	Installert effekt (MW)	Produksjon (GWh)
Elde kraftverk	Bremanger	Elde Kraft SUS	1,2	4,1
Sigdestad kraftverk	Bremanger	NGK Utbygging AS	9,0	26,8
Kloveelva kraftverk	Eid	Småkraft AS	2,9	8,3
Stårheim kraftverk	Eid	Stårheim Kraft AS	3,8	10,6

Søknadane for Elde og Sigdestad kraftverk er lagt ut til offentleg ettersyn på Servicetorget på Rådhuset i Bremanger, og søknaden for Kloveelva og Stårheim kraftverk er lagt ut til offentleg ettersyn på Servicetorget på Rådhuset i Eid. Alle søknadene ligger på NVE sine nettsider [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) fram til **fredag 21.8.2015**.

Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med søklar for dei einsskilte søknadane. Fråsegn kan sendast oss elektronisk via [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker), per e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo innan **21.8.2015**.